



Til føresette og tilsette i barnehagar og skular

Informasjon om tilrådingar og tiltak dersom det skjer ei atomulykke

Kommunen har jod til barn og unge

Jod kan redusera risikoen for kreft dersom det skjer ei atomulukke, aktualisert ved at det per no er krig i eit land med atomkraftverk.

Ved eit alvorleg atomulukke kan det bli gitt råd frå styresmaktene om å ta jod-tablettar. Spesielt kan eit slikt råd komma for barn og unge under 18 år. Austrheim kommune har eit lager av jod-tablettar. Dette vert lagra sentralt i kommunen, og vil bli distribuert dersom det blir aktuelt å gje ut jod-tablettar.

Om Direktoratet for strålevern og atomtryggleik

Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA) er fag- og forvaltingsmyndigheit på områda strålevern, atomtryggleik og ikkje-spreiing, radioaktiv forureining og radioaktivt avfall.

DSA utfører oppgåver på vegne av Helse- og omsorgsdepartementet, Utanriksdepartementet og Klima- og miljødepartementet.

Les om DSA sitt arbeid med atomtryggleik på deira nettside: <https://dsa.no/atomberedskap>

Les DSA sine svar om jod-tablettar på deira nettside: <https://dsa.no/atomberedskap/jodtabletter/>

Samlar inn samtykke frå føresette til barn under 16 år

Skulane og barnehagane har fått i oppdrag å henta inn samtykke frå føresette til barn i skule og barnehage, slik at skulane og barnehagane raskt skal kunna dele ut jod-tablettar til barnet/ungdommen i dei tilfelle der dette skulle bli tilrådd av styresmaktene.

Ber om at alle fyller ut svarslippen under og leverer tilbake til barnhagen/skulen så snart som mogleg.

Med vennleg helsing

Trine Merete Jansen,

kommunalsjef oppvekst og kultur, Austrheim kommune

Samtykkjeskjema som gjeld ved utdeling av jod-tablettar

Dersom det skjer ei atomulukke, kan det bli aktuelt å dela ut jod-tablettar til barna/elevane etter anbefaling frå Kriseutvalet for atomberedskap.

Ved betennelse i skjoldbruskkjertelen eller forstyringar i skjoldbruskkjertelfunksjonen, dermatitis herpetiformis (Duhrings sykdom) eller ved kjent allergi mot jod eller innhaldsstoffa i jod-tablettane, skal barnet ikkje ha jod-tablettar.

Personar som har operert bort skjoldbruskkjertelen treng ikkje ta jod-tablettar. For barn og elevar under 16 år må føresette samtykkje til at personale ved barnehagen/skulen kan dele ut jod-tablettar.

1. Har barnet allergi mot jod eller innhaldsstoffa i jod-tablettar?

2. Har barnet kjent sjukdom i skjoldbruskkjertelen?

SAMTYKKJER

Vi/eg samtykkjer til at _____ (barnets/elevens namn) kan ta imot jod-tablettar frå barnehagens/skulens personale dersom det oppstår ei hending der ein kan bli utsett for radioaktivt nedfall. Samtykkje gjelder fram til barnet/eleven fyller 16 år. Det er mitt ansvar som føresett å opplyse om det tilstøytar sjukdomar slik at barnet/eleven likevel ikkje kan få jod-tablettar.

SAMTYKKJER IKKJE

Vi/eg samtykkjer ikkje til at _____ (barnets/elevens namn) kan ta imot jod-tablettar frå barnehagens/skulens personale dersom det oppstår ei hending der ein kan bli utsett for radioaktivt nedfall.

Foreldre/føresette og dato